

## REGULERINGSFØRESEGNER FOR

### ÅMELLOM I KVAM

31.01.85

- § 1. Det regulerte området er vist på planen med reguleringsgrense. Innafor denne grenselinja skal bebyggelsen plasserast med møneretning som vist på planen, eller i spesielle tilfelle, vinkelrett på den viste møneretning.
- § 2. I området skal det førast opp bustadhus i inntil 2 etasjer. Gesimshøgda må ikkje vera meir enn 6 meter over ferdig planert terreng.
- § 3. Utnyttelsesgraden skal ikkje overstige 0,20.
- § 4. Alle bygninger skal ha saltak med takvinkel minst 22°.
- § 5. Garasje skal vere vist på situasjonsplanen som følgjer byggemeldinga for bustadhuset, sjølv om garasjen ikkje skal førast opp samstundes som dette. i tillegg til garasje skal det vere oppstillingsplass for bil på eige tomt. Garasjer skal tilpassas bustadhuset når det gjeld materialebruk, form og farge.
- § 6. Garasje kan innafor bestemmelsene i byggeforskriftene førast opp i nabogrense.
- § 7. Med byggemeldinga skal det leggjast ved situasjonsplan som viser husets plassering, påført husets utvendige hovedmål, antall etasjer, avstand frå nabogrenser og næraste bebyggelse. Boder, uthus, tørkestativ, planering av tomt og hovedatkomst, skal vises på planen. Situasjonsplanen skal godkjennes av bygningsrådet.
- § 8. Ved behandling av byggemelding skal bygningsrådet påsjå at bebyggelsen får god form og materialbehandling, og at bygninger i samme husgruppe får harmonisk utforming.
- § 9. Ved behandling av byggemelding skal bygningsrådet påsjå at bebyggelsen får god form og materialbehandling, og at bygninger i same husgruppe får harmonisk utforming.
- § 10. Dei ubebygde områda må gis tiltalende form og behandling.
- § 11. Det er ikkje tillatt ved private avtaler å opprette fordel som strir mot desse føresegnene.
- § 12. Når særlege grunnar talar for det, kan bygningsrådet gjere mindre vesentlege unntak frå føresegnene innafor ramma av bygningslova og bygningsvedtektene.